



Møteprotokoll for Teknisk utval

Møtedato: 13.08.2015
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvalsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Willy Borge	Frp	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ottar Myrtveit, viltansvarleg, som og førte møteboka og ass. rådmann Sveinung Toft

Bakgrunnen for ekstra møte i utvalet var at det har kome klage frå leiar av vald Fagerdalen/Kringlebotnen på vedtak gjort av TU den 28.05.2015. Dersom klagen vert tatt til fylgje var det ynskjeleg å avklare saka før jakta startar i år.

Jordskiftedom for valdet var kjent for Masfjorden kommune i 2014 og såleis burde denne vore tatt omsyn til ved tildelingar av løyve for 2015.

Sakliste

Saknr	Tittel
-------	--------

006/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
----------	---------------------------------------

007/2015	Klage på vedtak i TU 28.05.2015 - Fagerdalen/Kringlebotnen
----------	--

006/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

13.08.2015 TEKNISK UTVAL

TU - 006/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjend

007/2015: Klage på vedtak i TU 28.05.2015 - Fagerdalen/Kringlebotnen

Rådmannen sitt framlegg:

Fagerdalen/Kringlebotn vert tildelt **6 løyver** for 2015. Løyvet vert gjeve etter §21 i hjorteviltforskrifta.

13.08.2015 TEKNISK UTVAL

Leiar i Teknisk utval ynskte røysting på om han var habil til å behandle sak 2.

Utvalet røysta over dette. John Torsvik vart samrøystes kjend habil.

Det vart fremja følgjande felles framlegg til vedtak frå John Torsvik, Ragnvald Tangedal, Lillian Andvik, Willy Borge:

Klagen frå valdleiar for Fagerdalen/Kringlebotnen, Frode Langhelle, vert teken til følgje. Valdet vert tildelt 6 løyve for 2015 slik administrasjonen hadde framlegg om. Løyvet vert gjeve etter §21 i hjorteviltforskrifta.

Det vert vist til dom av 03-06.2014 i Nord- og Midthordland jordskifterett, der blant anna bruksordninga for dette valdet er avklart.

Røysting:

Fire røysta for og ein mot (Geir Egil Haugsvær).

TU - 007/2015 VEDTAK:

Klagen frå valdleiar for Fagerdalen/Kringlebotnen, Frode Langhelle, vert teken til følgje. Valdet vert tildelt 6 løyve for 2015 slik administrasjonen hadde framlegg om. Løyvet vert gjeve etter §21 i hjorteviltforskrifta.

Det vert vist til dom av 03-06.2014 i Nord- og Midthordland jordskifterett, der blant anna bruksordninga for dette valdet er avklart.

Rett utskrift av møteprotokoll for Teknisk utval 13.08.2015 vert vitna

John Torsvik
utvalsleiar